Lindesnes kommune
Ytre Sandgate 25A
4514 MANDAL

IMDi
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

Til ordføraren og kommunedirektør/byrådsleiar
Vi ber om at brevet blir sendt vidare til begge mottakarane

Dokumentnr.: 26/09036 **Dato:** 23.10.2026

Oppmoding om å busette 44 flyktningar i 2027

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) vil takke Lindesnes kommune for ein storarta innsats med å busette flyktningar. Kommunane i Noreg har vist stor vilje til busetting sidan krigen i Ukraina braut ut. Prognosane for busettingsbehovet i 2027 gjer det nødvendig å vidareføre denne innsatsen i 2027.

Det er framleis eit stort behov for å busette flyktningar, sjølv om prognosane for 2027 er lågare enn dei føregåande åra. Måltalet for 2027 er fastsett til 8 680 av Nasjonalt utval for busetting, med utgangspunkt i prognosane for busettingsbehovet. Behovet kan endre seg gjennom året.

Kommunane spelar ei sentral rolle i Noreg si handtering av flyktninginnkomstane. Talet på busettingsplassar er avgjerande for den samla kapasiteten til å ta imot flyktningar. Vi oppmodar difor kommunane til å gjere vedtak i tråd med den nasjonale oppmodinga.

IMDi oppmodar Lindesnes kommune om å busette 44 flyktningar i 2027. Svarfrist på oppmodinga er 26. februar 2027.

Slik er busettingsbehovet fordelt mellom kommunane

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har fastsett kriteria for oppmodinga som ligg til grunn for korleis det nasjonale busettingsbehovet skal fordelast mellom kommunane i 2027. Sjå kriteria: https://www.imdi.no/bosetting/norsk-bosettingsordning/anmodningsprosessen/

Det vert lagt vekt på kontinuitet i fordelinga mellom fylkar og kommunar, innvandrardel og levekårsutfordringar, sekundærflytting, lokal kapasitet, tenestetilbod og arbeidsmarknaden i regionen. Som hovudregel blir ingen kommunar oppmoda om å busette færre enn 10 flyktningar.

Fylkeskommunane har kome med anbefalingar om kor mange flyktningar som bør busettast i kvar kommune, med utgangspunkt i det nasjonale busettingsbehovet og kriteria frå departementet[1]. Kommunesektorens organisasjon (KS) har gitt innspel og tilslutnad til fordelinga.

Dette må kommunen ta omsyn til i planlegginga

Behovet for busetting gjeld for heile 2027, sidan innkomstane skjer gjennom heile året. Behovet kan endre seg dersom det skjer endringar i talet på nye personar som kjem. Det er derfor viktig at kommunen planlegg for busetting gjennom året og kan tilpasse kapasiteten dersom behovet endrar seg.

Kommunen må òg rekne med å busette einslege mindreårige *med* følgjeperson. Desse inngår i den ordinære busettinga og ikkje i oppmodingstalet for einslege mindreårige.

[1] Jf. Integreringslova § 4

Busettingsplassar frå 2026 blir ikkje overførte
Busettingsplassar som kommunen ikkje nyttar i 2026, blir ikkje overførte til 2027.

Flyktningar som er søkt ut til kommunen i 2026, men som først blir registrert som busette etter årsskiftet, vil bli rekna inn i busettinga for 2027. Dette er ei vidareføring av gjeldande praksis.

Aktuelle tilskotsordningar
Kommunar som buset flyktningar, kan få ulike tilskot frå IMDi. Tilskota skal bidra til at kommunane kan gi flyktningane nødvendig oppfølging og legge til rette for integrering.

- **Integreringstilskot**
  Kommunar som buset flyktningar får utbetalt integreringstilskot etter at flyktningane er busette. Tilskotet skal bidra til at kommunane arbeider aktivt med busetting og integrering, slik at flyktningane kjem i arbeid, kan forsørge seg sjølv og delta i samfunnet så raskt som mogleg.
- **Særskilt tilskot for einslege mindreårige**
  Kommunar som buset einslege mindreårige flyktningar mottar eit særskilt tilskot i tillegg til integreringstilskotet. Tilskotet gjeld både for einslege mindreårige flyktningar med og utan følgjeperson. Det blir utbetalt etter at flyktningen er busett.
- **Tilskot ved særskilde behov**
  Nokre flyktningar har særskilde behov for oppfølging og tilrettelegging på grunn av funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar. Kommunar som buset flyktningar må rekne med at einskilde personar har slike behov. Kommunar som buset personar med lågare funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar kan søke tilskot frå IMDi for å dekke ekstraordinære utgifter.
- **Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap**
  Kommunar kan òg få tilskot for vaksne innvandrarar som har rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Les meir om tilskotsordningane på https://www.imdi.no/tilskudd

Slik svarer kommunen på oppmodinga
Kommunen skal både sende inn vedtaket skriftleg og registrere vedtakstalet digitalt.

De skal
- sende skriftleg kopi av vedtaket til post@imdi.no med kopi til KS ved nina.gran@ks.no og til fylkeskommunen.
- registrere vedtakstalet i IMDi sitt fagsystem for busetting (IMDinett), etter at oppmodinga er motteken digitalt i same system. For rettleiing, sjå: https://www.imdi.no/bosetting/norsk-bosettingsordning/kommunenes-vedtak-og-planlegging/

I tillegg ber IMDi kommunen svare på nokre spørsmål om tenestetilbod og kapasitet i kommunen. Opplysningane blir nytta som grunnlag for det vidare busettingsarbeidet og for å leggje til rette for ei formålstenleg busetting. De svarar på spørsmåla her: https://forms.cloud.microsoft/e/X38SVAwCAU

Dersom svarfrist 26. februar 2027 ikkje kan møtast, ber vi om tilbakemelding på om når saka kan handsamast i kommunen. Vi legg til grunn at busettinga i kommunen kan halde fram i påvente av politisk handsaming i kommunen, i tråd med gjeldande praksis.

Dette må gå frem av svaret
Vi ber om at kommunen:
- oppgjev kor mange flyktningar kommunen vedtek å busette i 2027.
- ikkje inkluderer familiegjenforeina eller har andre reservasjonar.

- vurderer kor mange fleire flyktningar, inkludert einslege mindreårige, kommunen potensielt kan busette i 2027 dersom behovet aukar i løpet av året.

Har de spørsmål?
Ta kontakt med IMDi dersom de har spørsmål om oppmodinga.

Telefon: 40 00 19 60
E-post: post@imdi.no.

De finn òg oppdatert informasjon på imdi.no.

Med helsing

Libe Rieber-Mohn
Direktør
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet